



# Kyrkjebladet

for  
**BYGLAND**

Nr 3

Haust 2018

75. årgang



Godtfolk frå Bygland på Kvavikstranda i Lyngdal Foto: Olav Nilsen

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt .....	s. 2
Kick-off med konfirmantane .....	s. 3
Tur til Lyngdal og Lista .....	s. 4–5
Konsert med The Browns .....	s. 6
Konsert med Vera Henriksen .....	s. 7
Konsert med The Harlem Spirit of Gospel .....	s. 8
Familiegudsteneste .....	s. 9
Gudstenesteliste, møteplan Fredheim, Bønemøte, Slekt skal fylgja .....	s. 10–11

# Andakt

## Sokneprest Kjell Steinbru

### Jeg er i Herrens hender.

Eg vil i andakta i dag begynne med å sitere ei salme eg har vorte veldig glad i. Fleire av lesarane av Kyrkjebladet kjenner nok denne. Salma er skriven av presten Erling Tobiassen i 1932. Erling Tobiassen kom frå Kristiansand. Denne salmen vert mellom anna nytta i gravferder, og salmen kom til ut frå ei setning ved ei døds-seng. Det var sånn at Erling Tobiassen sin svigerfar var sjuk og låg for døden. På ein av dei siste dagane før han døydde hadde han sagt følgjande: «Jeg er i Herrens hender». Dagen før gravferda sette Erling Tobiassen seg ned og skreiv denne salmen som truleg har vore til trøyst og hjelp for mange.

Her er det første verset:

*Jeg er i Herrens hender  
når dagen gryr i øst.  
Hver morgen han meg sender  
sitt ord med lys og trøst.  
Hva dagen meg vil bringe  
av glede og av savn,  
jeg kan på bønnens vinge  
få kraft i Jesu navn.*

Det er ei salme som i stor grad handlar om at vi er ikkje åleine i denne verda, vi menneske, vi som er så små i dette store universet. Vi har eit reisefølge med oss på vår livsvandring. Vi har ein som står ved det løftet han gav oss i dåpsbefalinga, om at Han er med oss alle dagar, så lenge verda står. Det er eit løfte om at han aldri vil gløyme oss. Om at om vi er trulause, så er Han trufast, og at Han står ved sine løfter. «Han går ved min side, han leder min gang».

Og dermed kan vi med stort frimod synge salmen: «Jeg er i Herrens hender».

Det er ein salme vi kan synge både i smil og i gråt, både i gode og vonde dagar, ja, uansett kva

liva våre bringer. Uansett kva som skjer, uansett kva vi har gjort, uansett korleis vi har oppført oss.

*I smil og gråt jeg kjenner  
at Herren er meg nær.  
Om jeg i dype daler  
må gå den tunge vei,  
fra himlens høye saler  
hans øye følger meg.*

Gud ser til oss menneske, ikkje berre til ein menneskeheit, men til enkeltmenneske.

Å ha Guds auge som følgjer oss, kan kanskje høyrest veldig ut, kanskje litt truande, for nokon. Men Guds auge er ikkje først og fremst eit øye som held øye med oss for å kontrollere oss. Nei, det er med kjærleik og medkjensle Gud ser til oss. Han kjenner oss og veit om oss. Denne allmektige Gud, himmelens og jorda sin skapar, ser til det enkelte menneske, og ikkje berre til en stor menneskeheit.

Dette at han ser til oss i vår veikskap, og har medkjensle med oss, det er noko som vert understreka mange gonger i Bibelen. Blant anna i Hebrearbrevet, i kap. 4: Sidan vi no har ein stor øvsteprest som har gått inn gjennom himlane, Jesus, Guds Son, så lat oss halda fast på vedkjenninga! 15 For vi har ikkje ein øvsteprest som ikkje kan lida med oss i vår vanmakt, men ein som er prøvd i alt på same måten som vi, men utan synd. 16 Lat oss difor stiga fram for nådens kongsstol med frimod, så vi kan finna miskunn og finna nåde som gjev hjelp i rette tid.

Eit fantastisk flott vers!

Jesus kom ikkje til verda for å kontrollere oss, eller for å døme oss. Dette er noko som Jesus understrekar i sin nattlege samtale med Nikodemus i Joh. 3: Gud sende ikkje Son sin til verda for at han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved han.

Jesus er komen til verda for at vi skal bli frelst ved han. Han kom for å gje oss eit guddommeleg lys inn på vår livsvandring:

Joh 12: Som lys er eg komen til verda, så ingen som trur på meg, skal bli verande i mørkret.

Joh. 8: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

Alt dette er med på å gi oss trøyst og von inn i ei for mange krevjande verd.

---

Sorg og sakn er ein del av vårt jordeliv. Det er også eit tema i salmen «Jeg er i Herrens hender»:

*Jeg er i Herrens hender  
når dødens bud meg når.  
Mens lyset stilt nedbrenner,  
fra ham jeg hilsen får.  
Han gir meg stav i hånde,  
han gir meg trøst i sinn,  
og glemt er ve og vånde  
på vei til himlen inn.*

Jordelivet sine byrder er det ingen som kjem utanom.

Eg ønskjer difor til slutt å dele med dykk eit styrkande ord i frå Paulus i Efesarbrevet 3,16: Må han som er så rik på herlegdom, styrkja dykker indre menneske med kraft ved sin Ande.

Ja, i Jesu namn skal vi kunne bli ståande, i både liv og i død, også på dommens dag.

Da skal vi likevel kunne istemme det som står i siste verset: og glemt er ve og vånde på vei til himlen inn.

Heile bodskapet skal fylle oss med både tryggleik og ein indre rikdom. Frykt ikkje, sa Jesus ved fleire hove til disiplane, som ofte kjente på akkurat frykt og usikkerheit.

La meg avslutte denne betraktninga med det løftet som avsluttar dåpsbefalinga. Med Jesus som seier at Han er med oss, i våre liv, alle dagar, så lenge verda står.

# Kick-off med konfirmantane.



Valborg Hauan forklarer om leiken: Blindebukk i kyrkja.



Det gjekk friskt for seg ned Syrtveitfossane.



Presten fekk til og med redda skoa sine da kanoen gjekk om kull.

Laurdag den 1. september var dei 15 konfirmantane frå Bygland saman med Evje og Hornneskonfirmantane med på eit såkalla Kick-off.

Det var frammøte på TrollAktiv på Syrtveit allereie klokka 8.45. Litt småkjøleg var det om morgonen, men snart fekk sola tak, og det vart ein riktig fin septemberdag.

Programmet starta med rafting. Først var det øving på korleis ein skal te seg i ein gummibåt nedover stryka i elva. Så bar det utfor, to gonger til og med. Alle kom velberga og smilande ned. Denne delen av programmet vart avslutta med stuping i det behagelege elvevatnet. Så var det pause med nistepakke og ein andakt.

Neste post på programmet var ein kanotur frå Syrtveit ned til Evjetun. Her var også ein pause undervegs med bollar og brus og andakt. Presten hadde med seg to av konfirmantane i kanoen. Og jammen klarte de å velte midt i elva. Men alt gjekk bra, og det vart bare latter og gama ut av det heile.

Vel framme på Evjetun gjekk vegen vidare til fots til Evje prestegard. Undervegs fekk konfirmantane eit innblikk i bibelsoga om Israelsfolket si utferd frå Egypt.

I prestegarden venta grillpølser og anna god mat. Dagen vart avslutta med ei samling i Evje kyrkje.



Alle samla til avslutning i Evje kyrkje.

# Tur til Lyngdal og Lista

Tekst: Svein Kleiwane

Foto: Olav Nilsen og Ingebjørg Lidtveit

Helga 31.08 - 02.09 drog dei kyrkjeleg tilsette og Vonheimkoret på tur, slik tradisjonen tilseier.

I kommunal buss, må vite. Overnatting var ordna på Camp Lyngdal, like ved Kvavikfjorden - og ei av dei flotte strendene i Lyngdal. Då gjestene ankom sein fredags kveld vanka det "Kjærlekssuppe", sjå eiga oppskrift.

Laurdagen vart nytta til å gjere seg kjend i Lyngdal. Veldig interessant var det å vitja Lyngdal kyrkje, som er ei av dei største trekyrkjene i landet, bygd tidleg på 1800-talet.

Så gjekk turen til Skule- og Misjonsmuseet. Der fekk me sjå korleis dei gamle skulehusa var. Mange kjende seg godt att i innreining og møblar, samt plansjer og balloptikon.

Ein del av dette var og innreia slik at me fekk innføring i det store arbeidet Gustava Kielland gjorde for misjonen. Ho var prestefrue i Lyngdal, og var den første her i landet som starta opp kvinneforeiningar som arbeidde for

misjonen, både i Afrika og Kina. Dette var på slutten av 1830-talet.

Sogeskrivar Ådne Fardal Klev fortalte og gav ei grundig innføring i dette arbeidet, og med glimt i auga. Det er som kjend han som no har fått i oppgåve å koma vidare med gards- og ættesoga for Bygland.

Laurdagskvelden var det middag på gamle ærverdige Paulsens Hotel. I stil og møbler ikkje ulikt Ose Turistheim. Her glimta den gode Fardal Klev igjen til med orientering om Lyngdal i dag og i farne tider. Med faglig kunnskap og humoristiske soger fekk han verkeleg tilhøyrarane med seg, og latten på glid - ikkje minst då han las opp frå ei gamal bok med oppskrift på ymse korrespondanse - og der utkast til kjærleiksbrief vart framført med stor innleiving av kveldens kåsør.

Noko heilt nytt for dei fleste var bowling - gjennomført ein sein fredagskveld på "Lucky Strike". Men at organist Britt Haugen tok innersvingen på heile gjengen kom som ei stor overrasking.

Når det gjeld stil og "schwung" var ingen i nærleiken av Anne Berit Aakhus.

Sundag var det først "campingmesse" med sokneprest Rune Stormark og Vonheimkoret.

Så gjekk turen til Lista fyr og dei omkringliggende områda, via Åpta der Gunnar Gautland har sine anar frå på farssida, og var med som guide og kjentmann. Vindmølleparken på Lista stod og på programmet, og det var imponerande å oppleva dei store turbinane på nært hold. Tone Sordal var mest opptatt av støyen eller susen, alt etter som ein ser det.

Siste punkt på programmet var Lista Misjonshus på Vanse. Der var fleire kor frå Listaregionen samla, og Vonheimkoret deltok og gjorde som alltid sitt beste!

Det vart sein før me tok på heimveg, og etter den siste etappen på vestsida av fjorden var det godt å koma heim att og krypa under fellen. Med mange gode opplevingar i minnet!



Innføring i bowling-livets gleder.



Britt Haugen som suveren vinnar!

## Kjørleikssuppe a la Lyngdal og El Campanario

1 l vatn  
3 ts buljong  
400 gr kjøtdeig  
2-3 paprika ( raud, gul og grøn )  
1 purre  
1 lauk  
1/2 kg gulrøter  
1 glas taco saus ( heit )  
200 gr Philadelphia ost

Brun kjøtdeigen  
Kok opp vatn og buljong  
Bland alt  
Ha i taco saus og ost til sist



Sogeskrivar Ådne Fardal Klev i skulestova



Lista fyr. Foto: Ingebjørg H. Lidtveit



Besøk på skule- og misjonsmuseet



Kristine Hovstad i god driv med bowlingkula

# Konsert med The Browns

Tekst og foto: Olav Nilsen

Tysdag 14.august vitja den amerikanske country-gospel-gruppa "The Browns" Bygland kyrkje.

Konserten var eit samarbeid mellom Bygland sokneråd, Skjærgårdsgospel og Finsland Gaither Club.

Helga før hadde dei sunge på Skjærgårdsgospel i Langesund, helga etterpå skulle dei synga på eit tilsvarande arrangement i Sverige, og i mellomtida hadde dei funne tid til ein stopp på Bygland.

Veret viste seg frå si alle beste side, og besøket starta med god og velsmakande Setesdalssuppe på Bryggja saman med gode vene fra Finsland.

Gjestene var enkle landsens menneske frå ein liten by heilt nordvest i staten Iowa som heiter Le Mars.

Gruppa består av mor Shelly Brown og borna Michaela Brown, Adam Brown og Andrew Brown.

De syng og spelar på både gitar, bass og fele og musikken dekker



eit breitt spekter av songar innan country gospel og Southern Gospel. Ikkje minst felespelet imponerte, der dei til tider gjekk i samspel på ei fele med tre felespelarar!

Det vart fyrt ein lang og triveleg ettermiddag på Bryggja, og der dei amerikanske gjestene synte seg å vera heilt på heimebane då traktorar og landbruk var mellom samtaleemna. Familien bur nemlig på ein stor farm utanfor Le Mars, og sidan far i heimen ikkje kan synga og spela som dei andre måtte han

vera heime og passa garden.

Deretter fylgte dei opp med ein forrykande konsert for ei nesten fullsett Bygland kyrkje, og sjeldant har vel trauste Setesdølar sluppe seg så laus i benkeradene!

Det vart seine kvelden før me tok farvel med våre nye amerikanske vene frå dei vide slettene i Iowa, og dei trivdes så godt på Bygland at me kan hende vil sjå dei att ein fager dag!

Me skal seia frå i god tid!



# Konsert med Vera Henriksen

Tekst og foto: Olav Nilsen

Laurdag 7.juli var det releasekonsert med Vera Henriksen i Bygland kyrkje.

Dette i samband med den nyinnspela CD'en hennar "Some Pretty Day".

Konserten var i regi av Bygland Bibel- og naturcamp, der Vera Henriksen er med og syng kvar sumar.

Alle inntekter av CD-salet går til KVS Bygland sitt misjonsprosjekt i Latvia, sjå eigen omtale om dette på side 11.

Vera Henriksen er opphavelig frå Drammen, men har i store delar av sitt vaksne liv budd i Sør-Spania - der ho mellom anna er aktiv på El Campanario - Sjømannskyrkjasenter i denne delen av Spania.

Ho har ein djup varm stemme som høver like godt til gamle salmar, som til blues og gospel, og CD'en ber preg av dette.

Tittelmelodien "Some pretty day" er skreven av Odd Magne Myre og Olav Nilsen, og elles innhold CD'en songar av Aage Samuelsen, Trygve Bjerkreim og Curt og Roland. "Just a closer walk with thee" og "Wayfearing Stranger" er blant dei engelske innslaga,

likeeins "Cancion de Salomon", ein spansk song som høver godt til Veras bakgrunn, og til Wigdis Trøim som er med og korar og spelar gitar på CD'en. Wigdis Trøim har nemlig bakgrunn som pinsemisjonær i Spania, og er i dag busett på Iveland.

Ingen konsert på KVS Bygland utan at munnspelevitouesen Charlie Blackwater er med, og saman med pianisten Odd Magne Myre sette dei eit solid musikalsk preg både på konserten og på CD'en.

Gjestene på bibel- og naturcamp-en reiste først på båttur med DS Bjoren frå Byglandsfjord til Bygland i eit strålande summarver, og spaserte deretter rett opp til konsert i Bygland kyrkje. Det er alltid spanande kor mange som tek veggen innandørs på fagre summarkveldar, men kyrkja vart nesten fullsett av eit entusiastisk publikum, og CD-salet etterpå vart like strålande som den varme kveldssola.

Då konserten vart avslutta til ståande applaus, følgde mange med opp til grillkveld på KVS Bygland. Her briljerte Charlie Blackwater endå litt meir på munnspela sine, medan den lokale helten Svein

Kleivane som alltid gjorde stor lukke med deklamering av dikt.

Alt i alt vart det ein framifrå konsertkveld med mykje godt attåt, og på den finaste sumarkvelden ein kunne tenkja seg!



# Konsert med The Harlem Spirit of Gospel

Tekst: Olav Nilsen



Den verdskjende gruppa Harlem Spirit of Gospel vitjar Bygland kyrkje fredag 8.desember.

HARLEM SPIRIT OF GOSPEL CHOIR vart grunnlagt av Anthony Morgan fra Harlem, New York. Multitalentartisten hadde ein draum om å bringa saman dei utalleg gode gospelsangarane i Harlem for å synga og spela gospelmusikk og spreia evangeliets bodskap ut over heile verda.

Koret er svært ettertrakta og har ein sterk nærliek på scenen. Dei er kjende for sin allsidige lyd og store breidde i stemmane. Dei har ganske enkelt ein helt unik kjærleik til musikken. Korets forbløffande musikalske gåver har gjeve dei høve til å reisa verda rundt og opptre med svært mange kjende artistar. Blant dei er Stevie Wonder; Luther Vandross, Diana

Ross, Cindy Lauper, Aretha Franklin, Christina Aguilera, Gladys Knight, Ray Charles, Nelly Furtado og Johann Strauss Orchestra.

Harlem Spirit of Gospel spelar torsdag kveld på Kolben Kulturhus i Oslo, og på laurdags kveld i Kilden i Kristiansand.

Men midt imellom desse store og kjende konsertlokalra tek dei altså turen til Bygland, der dei skal overnatte på Revsnes Hotell, og halda ein fengande flott gospelkonsert for oss i Bygland kyrkje fredag 8.desember kl.19.00. Dei har vanligvis med seg store lydanlegg, men vil i den vesle kyrkja vår ha ein tilnærma akustisk konsert, noko me trur vil bli ei ekstra stor oppleving både for dei og publikum.

I samband med at "souldronninga" Aretha Franklin gjekk bort for kort tid sida, vil gruppa framføra tre låter av henne som ein spesiell takk til denne verdskjende songaren som hadde sin bakgrunn frå ei svart baptistkyrkje der far hennar var pastor.

Billettpisen vert kr.300,-, og dei som vil førehandstinga billettar kan gjera dette til:

Mail: kbnilsen@hotmail.com

SMS: 982 99711

Vipps: 982 99711 ( Vipps ein ven )

Hugs å oppgje fullt namn, slik at billetten vert lagt av til rette vedkomande.

Sett av denne kvelden allereie no, og så kjem me attende med meir info i pressa og i Kyrkjebladets jolenummer når tida nærmar seg!

# Familiegudstjeneste på KVS-Bygland

Tekst og foto: Olav Nilsen



To gode vener - Marta Eskeland frå Vats og barnearbeidar Kristina Olson frå Grimstad

I samband med sumarens bibel- og naturcamp vart det halde familiegudsteneste på KVS Bygland sundag 8.juli.

Sokneprest Kjell Steinbru forretta og tala, Vera Henriksen song, og borna song om Sakkeus saman med barnearbeiderane Regine Austegard og Kristine Olsson. Dette avdi teksta for sundagen nett var om tollaren Sakkeus som klatra opp i eit tre for å få sjå Jesus, som vart kalle ned frå treet av Meistaren sjølv, og som deretter lova å gjera opp for seg ovanfor dei han hadde teke meir i skatt og toll enn det han hadde rett til. Då høvde det godt at presten sjølv tok fram gitaren og song Cornelis Vreeswijk's kjende vise "Du kan ingen ting ta med deg dit du går!". Vår trufaste sumarorganist Hans Jurgen Wiehe spela til fellessongen, og alt i alt vart dette ein god og levande gudsteneste med Jesus i sentrum.

Heile 70 deltagarar i alle aldre var med og sette sitt preg på gudstenesta, og etterpå vanka det god og velsmakande sundagsmiddag nede i matsalen på KVS Bygland.



Borna ringer inn til gudsteneste



Sokneprest Kjell Steinbru syng



**VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!**

**30.september.** 19. søndag i treeiningstida.  
Årdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kjell Steinbru.  
Ofring: Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte. Joh. 7,14-17.

**7.oktober.** 20. søndag i treeiningstida.  
Bygland kyrkje kl. 16.00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Mark. 10,2-9.  
Konfirmantpresentasjon.

**14.oktober.** 21. søndag i treeiningstida.  
Sandnes kyrkje kl. 14.00. Familiegudsteneste. Kristine Borgen.  
Ofring: Bibelskapet. Luk 16,19-31.

**4.november.** Helgemessesøndag.  
Bygland kyrkje kl. 16.00. Minnegudsteneste. Kjell Steinbru. Matt. 5,13-16.

**11.november.** 25. søndag i treeiningstida.  
Ose grønnehus kl. 17.00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Ofring: Stefanusalliansen. Matt. 14,22-34.

**18.november.** 26. søndag i treeiningstida.  
Årdal kyrkje kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kristine Borgen.  
Ofring: Vestagder søndags-skulekrins. Joh. 9,1-7.35b-38. 4 og 6 års-gudsteneste.

**25.november.**  
Domssøndag/Kristi kongedag.  
Sandnes kyrkje kl. 16.00. Gudsteneste. Rune Stormark. Ofring: LEGO Romania. Nattverd. Matt 25,1-13.

**2.desember.** 1. søndag i advent.  
Bygland kyrkje kl. 18.00. Lysmesse med konfirmantane. Kjell Steinbru. Matt 21,10-17.

**24.desember.** Jolaftan. Luk 2,1-20.  
Byglandsheimen kl. 13.00. Gudsteneste. Kjell Steinbru.  
Bygland kyrkje kl. 14.00. Familiegudsteneste. Kjell Steinbru.  
Ofring: Kirkens Nødhjelp.  
Årdal kyrkje kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kjell Steinbru.  
Ofring: Kirkens Nødhjelp.

**25.desember.** Joledagen.  
Sandnes kyrkje kl. 16.00. Høgtids-gudsteneste. Rune Stormark.  
Kirkens Nødhjelp. Nattverd. Joh. 1,1-14.

## KRISTINE BORGEN

Kristine Borgen har no vorte ordinert til presteteneste i kyrkja som sokneprest i Evje og Hornnes kyrkjelyd.

Det var biskop Stein Reinertsen som ordinerte ho den 23. august i Vennesla kyrkje.

Kristine skal også gjere teneste i Bygland og Årdal sokn med mellom anna gudstenester og gravferder. Ho skal innsettast i denne tenesta av prosten den 23. september i Evje kyrkje. I tillegg til dette skal ho arbeide med trusopplæring i Evje og Hornnes og i Bygland.

Vi kjem nok til å ha mykje glede av denne talentfulle presten i tida framover.



## ÆTT SKAL FYLGJA ÄTTERRAD



### Vigde

#### 18. august i Bygland kyrkje:

Ole Spole Sundfør-Antonsen og Ann-Karin Sundfør-Antonsen  
Even Simensen og Anne Aakhus.

### Døde

Bjørn Erik Kjelstøl Skogvoll, født 29.12.1939, død 16.08.2018  
Tora Faremo, født 10.08.1921, død 26.06.2018  
Elisabeth May Aandahl, født 26.10.1942, død 24.08.2018

## BØNEMØTER PÅ BYGLAND HAUSTEN 2018

Velkommen til bøn i Jesu namn.

Matt.7 v. 7-11: Be, så de skal få. Leit, så skal de finne.  
Bank på, så skal det lukkast opp for dykk.  
Leiarar av bønemøta: Gunveig Viki, Tone Gakkestad og  
Tove Ingeborg H. Tveitå

- 1) Åraksbø Grendehus: Månd. 20. aug. Kl 19.30
- 2) Vonheim Bygland: Månd. 3.sept. Kl 19.30
- 3) Åraksbø Grendehus: Månd. 17. sept. Kl. 19.30
- 4) Vonheim Bygland: Månd. 1. okt. Kl. 19.30
- 5) Åraksbø Grendehus: Månd. 15 okt. Kl 19.30
- 6) Vonheim Bygland: Månd. 29. okt. Kl 19.30
- 7) Åraksbø Grendehus: Månd. 12 nov. Kl. 19.30
- 8) Vonheim Byglend: Månd. 26. nov. Kl. 19.30
- 9) Åraksbø Grendehus: Månd. 10. des. Kl. 19.30

**Samlinger på Fredheim bedehus,  
Byglandsfjord,  
høsthalvåret 2018.**

September

Ons. 5. Møte med Alf Halvorsen kl. 19.30.  
Nor.  
Man. 10. Barnekoret øver kl. 17.00 - 18.00.  
Tirs. 11. Bønneringen kl. 20.00.  
Tors. 13. Torsdagsklubben kl. 19.00.  
Man. 24. Barnekoret øver kl. 17.00 - 18.00.  
Tors. 27. Torsdagsklubben kl. 19.00.  
Lør. 29. Bedehusbasar i Årdalshallen kl. 15.00.

Oktober

Ons. 3. Møte med Hilde Halvorsen kl. 19.30.  
Nor.  
Man. 8. Barnekoret kl. 17.00 - 18.00.  
Tors. 11. Torsdagsklubben kl. 19.00.  
Tirs. 16. Bønneringen kl. 20.00.  
Man. 22. Barnekoret kl. 17.00 - 18.00.  
Tors. 25. Torsdagsklubben kl. 19.00.  
Søn. 28. Møte med Svein Løvdal m.fl. kl. 19.30.  
IMF

November

Man. 5. Barnekoret kl. 17.00 - 18.00.  
Ons. 7. Møte med Inge Flåt kl. 19.30. Nor.  
Tors. 8. Torsdagsklubben kl. 19.00.  
Tirs. 13. Bønneringen kl. 20.00.  
Man. 20. Barnekoret kl. 17.00 - 18.00.  
Tors. 22. Torsdagsklubben kl. 19.00.  
Søn. 25. Møte kl. 19.30 med Sverre Leif Lien,  
Leif Solheim og Arne Gundersen. IMF.

Desember

Søn. 2. Adventsfest i ÅrdalshalleN kl.17.00  
Man. 3. Barnekoret kl. 17.00.  
Ons. 5. Møte med Gunhild Aabel kl. 19.30. Nor.  
Tors. 6. Torsdagsklubben kl. 19.00.

*Velkommen til de samlinger  
som passer for deg!*

Formann i bedehusstyret: Terje Greibesland, tlf. 99 20 24 02  
Kontakt for møtevirksomheten: Anne Bnt Lien, tlf. 918 26 226

**NY CD MED VERA HENRIKSEN**

Song: Vera Henriksen  
Gitar/koring: Wigdis Trøim  
Piano: Odd Magne Myre  
Bass: Ole Louis Lilløy  
Trommer: Øystein Haugsgjerd  
Munnspel: Charlie Blackwater  
  
Gospel, salmar og bedehussongar

Til sals for kr.200,- + frakt kr.50,-  
SMS: 982 99711  
Mail: kbnilsen@hotmail.com  
VIPPS: 982 99711 (Vipps ein ven)



Alle inntekter går til KVS Byglands misjonsprosjekt i Latvia

**Kyrkjelydene i  
Bygland  
Tilsette og  
kontaktinformasjon**

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18  
4745 Bygland  
Bygland kommune: ..... 37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

**Sokneprest Kjell Steinbru**

Telefon: ..... 473 28 472  
E-post: prest@evje.kirken.no

**Kyrkjeverje Olav Nilsen**

Telefon: ..... 982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

**Bygland kyrkjelege fellesråd og  
Bygland sokneråd**

Leiar:  
Knut Gakkestad  
Mobil: ..... 948 80 383  
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

**Årdal sokneråd**

Leiar:  
Gunnar Gautland  
Mobil: ..... 908 25 928  
E-post: ggautland@agder.no

**Tilsette**

**Organist**

Britt Haugen ..... 472 33 165  
Torgny Sandland ..... 951 68 579  
Hans Jurgen Wiehe ..... 915 47 804

**Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes**

Knut Gakkestad ..... 948 80 383

**Kyrkjetenar, Årdal**

Tore Moseid. ..... 462 39056

**Kyrkjetenar og klokkar, Bygland**

Kim Andre Thorstensen ..... 984 69 989  
Svein Kleivane ..... 977 74 321

**Kyrkjetenar, Austad**

Tore Moseid ..... 462 39 056

**Klokkar, Austad**

Svein Kleivane ..... 977 7 4321  
Knut Gakkestad ..... 948 80 383

**Reinhaldarar**


Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034  
Marie Bue (Bygland) .... 482 10 259  
Thora Bakke Nordgarden  
(Sandnes) ..... 994 54 393  
Therese Gautestad  
(Austad) ..... 901 94676

**Prostidiakon Anna Heggland**

Mobil: ..... 913 82835  
Mail: anne.he@online.no

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE  
posten  
NORGE P.P. PORTO BETALT



*Solnedgang over Kvavikfjorden  
Foto: Olav Nilsen*